


RADØY KOMMUNE  
RADØYVEGEN 1690  
5936 MANGER



# Kartverket

Dykkar ref.:

Vår ref.: samwen  
Sak/dok.: 7888189/

Dato:  
16.05.2014

## Dokumentet har framleis manglar og kan ikkje tinglysast

### Saka gjeld gnr. 24 bnr. 86 i 1260 Radøy kommune

Slettinga de har sendt inn for tinglysing har framleis manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse den.

### Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

- Det er ikkje registrert særskilt kven som kan representere/underskrive på vegne av Hordabø Idrettslag i Brønnøysundregisteret. Heile styret må derfor underskrive slettinga.

### De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottok kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

### Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre [www.tinglysing.no](http://www.tinglysing.no). Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 89 76.

Med helsing  
Statens kartverk Tinglysing

  
Ingunn Ruud  
saksbehandlar



  
Wenche Synnøve Samlanes  
saksbehandlar